



Vurdering for utvikling

“Flekke skule og barnehage er ein samhandlande organisasjon for eit inkluderande læringsmiljø”



Veke 6, 09.02-11.02-2021

Flekke 11.02.21

Gøril Fristad

Endre Natvik

Marie Hendrix

Siv Anita Gudvangen

Vurderar

Vurderar

Vurderar

Vurderar

Innhald

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete: Flekke skule og barnehage er ein samhandlande organisasjon for eit inkluderande læringsmiljø	6
6. Vurderingar	7
Kvalitetsmål: Borna er trygge, trivast og er inkluderande	7
Kvalitetsmål: Dei tilsette har eit inkluderande arbeidsmiljø	9
Kvalitetsmål: Foreldre/føresette opplever godt samarbeid mellom barnehage, skule og heim. Foreldre/føresette deltek i eit inkluderande fellesskap	11
Kvalitetsmål: Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon innanfor inkluderande barnehage - og skulemiljø	13
Kvalitetsmål: Fjaler kommune tek ansvar for å utvikle eit inkluderande barnehagen- og skulemiljø i kommunen	14
7. Spørsmål til refleksjon	16
8. Vidare arbeid	16
Vedlegg:	18
Deltakarar i vurderinga	18
Tidsbruk	18
Metodar	19
Samtaleguidar og skjema	19

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva eininga må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein måned etter vurderinga.

Februar 2021

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 92641210
E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Flekke barnehage og skule er samlokalisert og framtidsbiletet har som mål om å samle skule og barnehage som ein organisasjon i større grad. Ein ønsker at barn, føresette og personal skal jobbe meir i lag, mot felles mål, og med felles plan for overgangar.

Flekke har barn med internasjonal bakgrunn og barn frå andre bygder i lokalsamfunnet, noko som skapar stor geografisk og kulturell variasjon i barnegruppa. Vi har sett barn som trivast og har venner, og praktiserer eit inkluderande miljø. I samtale med elevar på skulen trekker dei fram at barnehagetida var ei svært positiv tid med gode minner. Vi opplever tilsette som er opptatt av å sjå heile barnet og opptatt av å arbeide med sosial kompetanse, men har potensiale i å synleggjere den faglege koplinga mellom praktisk arbeid og teori for elevane. Lærarane legg til rette for mange gode prosjekt som stemmer overens med kravet om tverrfaglegheit og djupnelæring i den nye læreplanen.

Det er varierende korleis informasjonsflyten blir opplevd hos føresette. Sjølv om barnehage og skule er svært nærme kvarandre, kan ein arbeide for å skape meir samhandling i planar, dokument og informasjon på tvers.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Flekke skule og barnehage ligg inst i Flekkefjorden i Fjaler kommune. Skulekrinsen strekker seg frå Straumsnes i vest til Guddal i aust, og mange av elevane våre tek buss til skulen. Dei fleste elevane har også gått i barnehagen her i Flekke. I år har vi 45 elevar og fire klasser på skulen, og 24 barn fordelt på to avdelingar i barnehagen. Vi har vore samlokaliserte sidan slutten av 1990-talet, og har felles rektor/styrar. I barnehagen har vi tre pedagogar og fem fagarbeidarar/assistentar, på skulen er det åtte lærarar og ein fagarbeidar. Vi har også SFO, som deler to fagarbeidarar med barnehagen. Personalet har høg kompetanse, og samla er vi ei god blanding både kva alder og erfaring angår.

Sidan dei fleste barna i skulekrinsen er hos oss frå dei er eitt år gamle til dei er blitt tenåringar, er det viktig at samanhengen mellom barnehagen og skulen er god. Sjølv om vi har vore samlokaliserte lenge, og har hatt faste fellesprosjekt for barnehagen og skulen, er det likevel alltid noko som kan bli betre. Saman med dei andre skulane og barnehagane i kommunen er vi akkurat begynt på Udir-prosjektet inkluderande barnehage- og skulemiljø, og det er difor naturleg å vinkle den eksterne vurderinga også mot dette feltet. Slik kom vi fram til temaet for vurderinga: Flekke skule og barnehage er ein samhandlande organisasjon for eit inkluderande læringsmiljø.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verktøy for å hjelpe barnehagen og skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen/skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen/skulen/oppveksenteret sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehage- og skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern vurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)



5. Framtidsbilete: Flekke skule og barnehage er ein samhandlande organisasjon for eit inkluderande læringsmiljø

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine egne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

<p>Barneperspektivet</p> <p>Barna er trygge, trivast og er inkludert</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barna og elevane er trygge i møte med kvarandre og dei tilsette • Barna og elevane møter tydelege vaksne med felles handheving av reglar og rutinar • Barna og elevane møter eit breitt felt av opplevingar og aktivitetar som gir erfaring, utfordring og meistring. • Barna og elevane opplever samanheng mellom barnehage, skule og lokalsamfunn.
<p>Tilsetteperspektivet</p> <p>Dei tilsette har eit inkluderande arbeidsmiljø</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dei tilsette er trygge på kvarandre, kan lære av kvarandre og utvikle ny kunnskap saman • Dei tilsette er trygge på arbeidsoppgåvene sine og på eigen kompetanse • Dei tilsette har ein delings- og samhandlingskultur • Dei tilsette er gode rollemodellar for eit inkluderande miljø
<p>Foreldreperspektivet</p> <p>Foreldre/føresette opplever godt samarbeid mellom barnehage, skule og heim</p> <p>Foreldre/føresette deltek i eit inkluderande fellesskap</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er god informasjonsflyt ved overgangar • Foreldre/føresette er trygge på at barna og elevane får utfordringar og opplever meistring • Foreldre/føresette støttar opp om skulen og barnehagen sitt arbeid med sosial kompetanse • Det er tydeleg for foreldre/føresette kva som er forventa av dei

<p>Organisasjonsperspektiv</p> <p>Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon innanfor inkluderande barnehage- og skulemiljø</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Organisasjonen legg til rette for felles refleksjon, erfaringsutveksling, fagleg og sosial utvikling • Barnehagen og skulen har ein felles progresjonsplan/plan for sosiale mål • Barnehagen og skulen arbeider aktivt for gode overgangar • Barnehagen og skulen har ein plan for vidare utvikling innanfor inkluderande miljø.
<p>Eigarperspektiv</p> <p>Fjaler kommune tek ansvar for å utvikle eit inkluderande barnehage- og skulemiljø i kommunen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Eigar legg til rette for, og støttar opp om utviklingsarbeidet både lokalt og mellom skular/barnehagar/kommunar/i regionen • Eigar har ein langsiktig plan for å utvikle eit inkluderande barnehage- og skulemiljø • Dei tilsette får målretta kompetanseheving både ut frå individuelle behov og i tråd med utviklingsplanen • Eigar har eit godt system for opplæring og oppfølging av nytilsette

6.Vurderingar

Kvalitetsmål: Borna er trygge, trivast og er inkluderande

1. *Teikn på god praksis* : Barna og elevane er trygge i møte med kvarandre og dei tilsette

God praksis:

I barneintervju fortel barna at dei alltid har nokon å leike med. Dei fortel òg at dei vaksne minner dei om at ein kan spørje barn som er aleine, om dei har lyst å vere med. Dei seier òg at dei likar at dei blir sett saman med andre som dei er mindre ilag med. Dei fortel at dei henter vaksne når det oppstår problem. Ved konflikter opplever dei at dei vaksne høyre på begge partar. Dei fortel òg at dei har fått råd og rettleiing.

Elevane meiner at dei vaksne ikkje alltid forstår, og at det ikkje er enkelt for lærarane å vite korleis elevane har det, men at dei går til vaksne likevel. I observasjonane ser vi at barna tar kontakt med vaksne, søker hjelp, og bruker humor. Vi ser at barna gir rom til kvarandre, at dei flinke til å inkludere barn med spesielle behov, at dei har ein fin tone når dei snakkar med kvarandre, og verkar trivast saman. Vi har observert

aktive vaksne som gode rettleiarar i konfliktsituasjonar, slik at barna har gode rollemodellar.

Praksis som kan bli betre:

Nokon barn fortel i intervju at dei kjedar seg i barnehagen og at dei vaksne kjeftar.

2. *Teikn på god praksis:* Barna og elevane møter tydelege vaksne med felles handheving av reglar og rutinar

God praksis:

I intervju i barnehagen fortel barna kva som ikkje er lov, som td. biting, slå, ødelegge andre sine ting, og at dei vaksne er einige om kva som er lov. Elevane på skulen fortel at nokon lærarar er strengare, nokon er snillare. Dei seier at dei blir fortalt kva som ikkje er lov. Dei fortel at mesteparten av reglane er dei same fra 1. til 7. klasse. Vidare fortel elevane at reglane er like, men at det varierer kor strenge konsekvenser ein får.

Praksis som kan bli betre:

I klasserommet til 1.-og 2. klasse heng klassereglar synleg, og her er elevane tydeleg på kva reglar som gjeld. I samtalar med eldre born kjem det fram at det er noko utydeleg for barna kva reglar som er gjeldande.

3. *Teikn på god praksis:* Barna og elevane møter eit breitt felt av opplevingar og aktivitetar som gir erfaring, utfordring og meistring

God praksis:

Barna og elever fortel om mange kjekke opplevingar og aktivitetar, med vekt på fysiske aktivitetar. Dei seier at ein lærer ved å øve og at det er kjekt å lære nye ting. Dei fortel at dei opplever meistringsglede når dei får ting til. Dei fleste foreldra svarer i spørjeskjemaet at dei føler seg trygge på at barna får opplevingar og aktivitetar som gjev passeleg med utfordringar og som fører til meistring.

Praksis som kan bli betre:

Nokon foreldre på skulen gjev uttrykk for at dei meiner at barna med fordel kunne bli meir utfordra i fag som td. matematikk.

4. *Teikn på god praksis:* Barna og elevane opplever samanheng mellom barnehage, skule og lokalsamfunn

God praksis:

Elevane fortel at dei har hatt mange ulike aktivitetar i lag med barnehagen, som td. lesing for barnehagebarna og ulike festaktivitetar. Dei tilsette fortel at førskulebarna

var med første klasse på utedag og at dei var saman i friminutta. Dessverre har corona sett ein stoppar for desse fellesaktivitetane i år.

Barna i barnehagen gjev uttrykk for at dei går til gapahuken som ligg utanfor skulen sitt område. Elevane på skulen fortel at dei er glad for at dei går på ein liten skule der alle kjenner alle, og at dei har vore med på mange tilstelningar i dei forskjellige bygder dei soknar til. Samtidig fortel dei at dei gleder seg til å starte på ungdomsskulen fordi dei kan bli kjent med fleire folk.

Praksis som kan bli betre:

Nokon barn seier dei har lang skuleveg og at bussen kjører sakte. Det kan det vere vanskeleg å rekke heim mellom skuletid og fritidsaktivitetar.

Kvalitetsmål: Dei tilsette har eit inkluderande arbeidsmiljø

1. *Teikn på god praksis:* Dei tilsette er trygge på kvarandre, kan lære av kvarandre og utvikle ny kunnskap saman

God praksis:

Dei tilsette seier dei er trygge på at dei kan be kvarandre om hjelp, tips og råd når dei treng det. Dei seier at dei lærer mykje av å observere kvarandre og av å samarbeide i team. Dei synst det er kjekt når ein får tid til å lære av kvarandre, og skulle ønske ein fekk enno meir tid til å felles refleksjon i etterkant av slik læring.

Dei tilsette seier dei kjenner kvarandre godt, og gjennom observasjon synes dei ha gode, profesjonelle relasjonar seg i mellom på einingane.

Arbeidet med progresjonstrapp og plan for sosiale og emosjonell kompetanse syner at ein kan og har utvikla ny kunnskap saman på dei ulike einingane.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette seier det skjer mykje erfaringsutveksling både i barnehagen og skulen, også på tvers gjennom felles personalrom, men denne erfaringsutvekslinga er ikkje systematisk. Den er såleis personavhengig og tilfeldig.

Barnehagen og skulen har felles planleggingsdagar, men elles i året ingen felles møte. Både tilsette og leiing seier at ein nyttar mykje av tida på personalmøte på informasjon, og at ein heller skulle ønske den vart nytta på utvikling. Mange av dei tilsette ønsker meir fokus på fagleg utvikling.

2. *Teikn på god praksis:* Dei tilsette er trygge på arbeidsoppgåvene sine og på eigen kompetanse

God praksis:

Dei tilsette i barnehagen seier dei er trygge på arbeidsoppgåvene sine. Gjennom observasjon framstår dei tilsette i barnehagen og skulen trygge i rolla si og på arbeidet dei gjer. Veksling på oppgaver/roller skjer naturleg og flytande.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette på seier det er vanskelig å vite om det ein gjer er godt nok. Når ein underviser i fådelt skule må ein favne breidt og prioritere. Det kan også opplevast vanskeleg å måle den faglege utviklinga på barnetrinnet. Med den nye læreplanen er "alt nytt". Likevel ser vi at lærarane legg til rette for å nå mange av dei overordna måla i den nye læreplanen på ein god måte gjennom alle tverrfaglege aktivitetene ein har, både på skulen og i nærmiljøet.

Fleire av dei tilsette seier dei har behov for meir fagleg påfyll. Det er viktig at dette behovet blir høyrte og dekkja, samt at ein får et system på tilbakemelding/evaluering av det arbeidet dei tilsette gjer.

3. *Teikn på god praksis:* Dei tilsette har ein delings- og samhandlingskultur

God praksis:

Som vi tidlegare har nevnt, har dei tilsette ein kultur for å dele med kvarandre. Ein delar også på faste arrangement på tvers av skule/barnehage.

Dei tilsette har bestemt seg for eit felles mål; å bli ein samhandlande organisasjon for å skape eit inkluderande læringsmiljø. Dei tilsette har også eit godt utgangspunkt for felles praksis gjennom teikn på god praksis.

Praksis som kan bli betre:

Den meste av delinga vi har høyrte om i intervjuet, har ikkje karakter av å vere samhandling. Delinga krev at det er nokon som spør, og då deler ein erfaring eller kunnskap ein har. Det kan synes mindre deling på tvers av barnehage og skule.

For å få til samhandling må ein utvikle noko i fellesskap, slik vi oppfattar at ein har gjort i arbeidet med dei sosiale måla i skulen. I framhaldet er det viktig at alle tilsette tar ansvar for å involvere seg og samhandle om utvikling og gjennomføring av begge desse plandokumenta, samt skape ein meir inkluderande kultur på tvers av barnehage/skule.

4. *Teikn på god praksis:* Dei tilsette er gode rollemodellar for eit inkluderande miljø

God praksis:

Dei tilsette er bevisst kva for påverknad dei har som rollemodellar for barna, og kor viktig det er at ein syner at ein likar og respekterer kvarandre på arbeidsplassen. Vi høyrer at dei tilsette har snakka om at det er viktig at alle har noko å vere saman med, og kva ein bør gjere om ein ser nokon som er aleine.

I observasjon ser vi at dei tilsette gjev alle barna plass, tar dei på alvor og syner dei respekt. Dei arbeider aktivt for å inkluderer alle barna i leiken og undervisninga, slik at alle skal få ta del i fellesskapet, og med spesielle behov. Arbeid med sosial kompetanse får stor plass i både skulen og barnehagen, og syner at dette er viktig for dei tilsette. Dette arbeidet ser vi smittar over og påverkar elevane. Foreldra støttar opp om dette.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette seier at det av og til kan vere utfordrande å vere del av ei så lita personalgruppe og tett lokalsamfunn. Det er naturleg at enkelte har tettare relasjonar enn andre. Ein kan kjenne på usikkerhet i forhold til korleis ein gjer det med private, sosiale samankomstar som involverar nokre, men ikkje alle tilsette. Ein er redd for å ekskludere gjennom å inkludere. Som dei sjølv seier, kan kanskje dette løysast gjennom at ein tar opp slike spørsmål i personalet?

Kvalitetsmål: Foreldra/føresette opplever godt samarbeid mellom barnehage, skule og heim. Foreldre/føresette deltek i eit inkluderande fellesskap

1. *Teikn på god praksis:* Det er god informasjonsflyt ved overgangar

God praksis:

Det blir gitt tydeleg beskjed om kven som skal vere lærar for ein klasse, kven som er i klassen og kva klassar som er samla. Førsette set pris på organiseringsinformasjon. Førsette seier at skulen er flink til å gje beskjed om kva rutinar og klede som er naudsynt. Dei førsette fortel om god organisering ved overgong frå andre skular og frå barnehage til skule. Dei uttrykker at dei kjenner seg godt ivaretatt og informert om praktisk informasjon.

Praksis som kan bli betre:

Undersøkinga i foreldregruppa viser variasjon i korleis dei førsette opplever informasjonsflyt ved skulen og barnehagen. Vi har lese og hørt at det kan variere i kva grad informasjon mellom tilsette blir gjevne om hendingar. Førsette forventar at dersom noko skjer med barnet, så veit den som overleverer barnet i barnehagen om eventuelle hendingar som har oppstått i løpet av dagen.

2. *Teikn på god praksis:* Foreldre/føresette er trygge på at barna og elevane får utfordringar og opplever meistring

God praksis:

Flesteparten av føresette er godt nøgd og trygge på at barna deira får utfordringar og opplever meistring, spesielt ved sosial kompetanse ved Flekke barnehage og skule. Føresette seier at ein ser heile barnet og har fokus på sosialt samspel. Dette har vi sett mykje av i observasjon, tydelege vaksne som samhandler der barnet er akkurat der og då. Arbeid med sosiale mål blir trekt fram av lærarar, føresette og borna som positivt og noko som ein likar å arbeide med. Desse måla blir igjen kommunisert på foreldresamtalar og der er ein opplever raud tråd i arbeidet. Det er aksept for at ein er ulike seier borna, lærarar og føresette. Dette er og observert.

Praksis som kan bli betre:

I barnehagen kan ein jobbe enno litt meir med å utfordre borna seier føresette. Elevar og føresette ved skulen trekker fram at ein kan gjerne fokusere meir på dei faglege elementa som er direkte knytt opp til fag i tillegg til det sosiale.

3. *Teikn på god praksis:* Foreldre/føresette støttar opp om skulen og barnehagen sitt arbeid med sosial kompetanse

God praksis:

Føresette stiller opp på arrangement og støttar opp om arbeidet ved Flekke barnehage og skule. Dugnad blir trekt fram som ein fin arena for å bli kjent og kommunisere med kvarandre. Føresette seier dei ofte spør om korleis barnet sjølv har hatt det, og om dei veit korleis andre har hatt det. I samtale med elevane påpeikar alle vi har prata med at dette er noko dei er opptatt av. "Er nokon aleine, så går vi bort å spør om dei vil vere med å leike" er gjentakande.

Føresette er opptatt av å følge opp "folkeskikk". Fleire føresette seier dei samtalar om situasjonar og korleis dei kunne vore løyst når det dukkar opp. Føresette seier dei er godt informert og set pris på praktiske oppgåver som blir gjeve til borna heim.

Praksis som kan bli betre:

Det er variasjon i kva grad føresette brukar tid på sosial kompetanse, men alle svara viser at ein gjer det, men i varierende styrke. Nokon seier ein forholder seg mest til det som står på vekeplanen og kva som er formidla. Nokon veit ikkje kva sosial kompetanse er.

4. *Teikn på god praksis:* Det er tydeleg for foreldre/føresette kva som er forventa av dei

God praksis:

Fleirtalet av føresette føler det er tydeleg kva som er forventa. Det er fint at kommunikasjonen føregår både på engelsk og norsk.

Praksis som kan bli betre:

Foreldra meiner ein med fordel kunne lagt opp til enno meir drøfting på foreldremøte. Det er ei kjensle hos nokon føresette at "nokon ting berre veit du". I samtale med borna kjem det òg fram at når det kjem til reglar, så veit ein kva som er rett og gale.

Kvalitetsmål: Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon innanfor inkluderande barnehage - og skulemiljø

1. *Teikn på god praksis* : Organisasjonen legg til rette for felles refleksjon, erfaringsutveksling, fagleg og sosial utvikling

God praksis:

I intervju med leiing kjem det fram at organisasjonen følger kommunal (og fylkeskommunal) plan for felles plandagar for barnehage og skule. Deriblant ein felles fagdag for heile personale i regi av HAFS. Det vert lagt til rette for utviklingstid for lærarar - på møteplan er det satt av ca 2 time pr veke (torsdagar). Det er lærarmøte kvar mandag morgon. Organisasjonen har lagt opp til felles pauserom for barnehagen og skulen. Det har vore arrangert felles sosiale aktivitetar som t.d. blåturar for personale. Barnehagen har personalmøter 1 gang pr månad.

Praksis som kan bli betre:

Organisasjonen kan med fordel legge opp til felles møtearena for barnehage og skulen der ein legg opp til felles faglege refleksjonar og erfaringsutveksling. Det kjem fram i intervju at det er ulik praksis på sosiale tilstelningar, og at tilsette er usikre på kva sosiale tiltak som er for personalet her i Flekke barnehage og skule.

2. *Teikn på god praksis*: Barnehagen og skulen har ein felles progresjonsplan/plan for sosiale mål

God praksis: Barnehagen har utarbeidd ei progresjonstrapp. Skulen har ein plan for sosiale mål som tilsette ved skulen har utarbeidd og barnehagen er informert om.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen må involverast i utarbeiding av ein felles sosial plan slik at dei får eigarskap til innholdet. Skulen må få kjennskap til barnehagen si progresjonstrapp. Ein bør utarbeide skriftlege planar i fellesskap for barnehage og skule.

3. *Teikn på god praksis*: Barnehagen og skulen arbeider aktivt for gode overgangar

God praksis: I årsplan til barnehagen er det synleggjort korleis barnehagen arbeider med overgang heim-barnehage, liten- stor avd og fra barnehage til skule. Det er

mange tiltak som tidlegare har vore gjennomført med tanke på tilvenning til skulen t.d. førskuleveke - felles symjing - skuledagar - fadderbarn - skulebarn som lesar for barnehagebarn og felles utetid. I år er det starta planlegging for overgang til skulen for barn som både går i barnehagen og ikkje.

Praksis som kan bli betre:

Vi fekk informasjon gjennom intervju med eigar at det er nettverksmøte for styrar/rektor ein gang pr måned. Det kan med fordel utarbeidast planar for overgang mellom barnehage - skule og barneskule- ungdomsskule for heile kommunen. Lokale tilpasningar vil likevel vere mogleg.

4. *Teikn på god praksis:* Barnehagen og skulen har ein plan for vidare utvikling innanfor inkluderande miljø

God praksis:

Eigar har starta opp utarbeiding av ein felles plan for alle barnehagar og skular i kommunen med tanke på inkluderande miljø - den skal vere klar i 2021.

Praksis som kan bli betre:

Inkluderer alle tilsette i planen for vidare utvikling innanfor inkluderte miljø.

Kvalitetsmål: Fjaler kommune tek ansvar for å utvikle eit inkluderande barnehagen- og skulemiljø i kommunen

1. *Teikn på god praksis :* Eigar legg til rette for, og støttar opp om utviklingsarbeidet både lokalt og mellom skular/barnehagar/kommunar/i regionen

God praksis :

Representanten for eigaren fortel i intervjuet at han organiserer særmøter ein gang i mnd. der utviklingsarbeidet til dei forskjellige einingar er tema. For å bli informert om utviklingsarbeid i barnehagen får eigar tilsendt referat fra personalmøter.

Praksis som kan bli betre :

Eigar kan med fordel delta på personalmøter i barnehagen for å bidra og bli informert om utviklingsarbeid. Leiar uttrykker at møter (personalmøter og særmøtet) kan ha meir fokus på utviklingsarbeid enn informasjon.

2. *Teikn på god praksis :* Eigar har ein langsiktig plan for å utvikle eit inkluderande barnehage- og skulemiljø

God praksis :

Fjaler kommunen er med i eit prosjekt og har fått støtte fra fylkesmannen til vidare arbeid med inkluderande barnehage- og skulemiljø. Planen er ikkje offentleg enda.

Denne planen involverer alle tilsette i barnehage og skule, elevar, barn, foreldre/føresette og PPT, og har egne mål og tiltak for å nå måla i planen. Det skal også lagast lokale planar på dei ulike einingane som føl opp/tar utgangspunkt i dette arbeidet.

Praksis som kan bli betre :

3. *Teikn på god praksis* : Dei tilsette får målretta kompetanseheving både ut frå individuelle behov og i tråd med utviklingsplanen

God praksis :

Tilsette får kompetanseheving og tilbod om vidareutdanning via Udir. Pr. dags dato gjeld dette ein pedagog i Flekke barnehage. Det er rektor/styrar og skuleeigar som prioriterer utifrå eininga sitt behov. Tilsette er fornøgd med kompetanseheving som kom i samband med fagdagen november 2020, men tilsette uttrykker eit behov for at innhaldet på fagdage vert sett i system.

Eigar gjennomførte hausten 2020 medarbeiderundersøkelse - 10 faktor - og den viser like stort behov for kompetanseutvikling i barnehagen som på skule.

Praksis som kan bli betre :

Dei tilsette uttrykker at dei ønsker meir kompetanseheving enn dei får no, at denne kompetansehevinga vert sett i system, og at systemet vert meir kjent for dei. Eigar bør difor utarbeide ein konkret kompetanseutviklingsplan for barnehage og skule i kommunen. Kanskje kan ein også støtte seg på samarbeidet i HAFS i dette arbeidet.

4. *Teikn på god praksis* : Eigar har eit godt system for opplæring og oppfølging av nytilsette

God praksis :

Eigar har gode rutiner for praktisk informasjon og opplæring for nytilsette. Kvalitetshåndboka ligg elektronisk og i skulen har ein mentorordning for nyutdanna.

Praksis som kan bli betre :

Utifrå intervju ser vi at både eigar og leiar med fordel kan legge til rette for ei meir aktiv rettleiing/oppfølging av nytilsette. Dette gjeld særleg i situasjonar der også leiar er ny. Leiar uttrykkjer at ho får gode svar når ho lurar på noko, men at det er avhengig av at leiar spør, og at leiar veit kva ein skal spørje etter. På same måten som i organisasjonen, kan då oppfølging og rettleiing bli personavhengig. Her kan eigar med fordel lage eit system som sikrar betre og lik oppfølging av leiarar.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde/perspektiv	Spørsmål til refleksjon
Barn	<ul style="list-style-type: none">- Korleis synleggjere for barna at alle tilsette tar del i aktiv konfliktløsning ?- Korleis inkludere barna i prosessen med å lage reglar?
Tilsette	<ul style="list-style-type: none">- Korleis tydeleggjere for barna det faglege innhaldet i praktiske aktivitetar ?- Korleis få alle dei tilsette til å ta ansvar for samhandling og ein inkluderande kultur på tvers?
Foreldre	<ul style="list-style-type: none">- Korleis nytte viljen foreldra har til å ville bidra og medverke ?- Korleis bruke foreldre meir aktivt som ein ressurs ?
Organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- Korleis kan ein ha meir fokus på fagleg utviklingsarbeid på møter?- Korleis kan organisasjonen tilrettelegge for felles møtepunkt for barnehage og skule ?- Korleis kan organisasjonen skriftleggjere planar for overgangar ?- Korleis kan felles litteratur brukast til å få eit felles fagleg grunnlag i barnehagen og skulen?
Eigar	<ul style="list-style-type: none">- Korleis kan eigar ta ansvar for tettare oppfølging av nyttilsette leiarar ?

8. Vidare arbeid

Innan ein måned etter vurderinga må vurderarane få melding og eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein måned etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne:

Eksterne: Vurderarane Siv Anita Gudvangen, Olderdalen barnehage, Marie Hendrix, Gøril Fristad, HAFS oppvekst og Endre Johan Bukøy Natvik, Solund barne- og ungdomsskule.

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Framdriftsplan heile prosessen;

Tidspunkt: v. 6 , tysdag 9.2 – torsdag 11.2

Utgangspunkt: Tema innanfor inkluderande barnehage- og skulemiljø

Endeleg tema: Flekke skule og barnehage er ein samhandlande organisasjon for eit inkluderande læringsmiljø.

- Veke 44: Oppstartsmøte med skulen og utviklingsrettleiar
Vurderarane vert kopla på
- Veke 50: Torunn fortel om vurderingsprosessen for dei tilsette i barnehagen
- Veke 49- Arbeid med framtidsbilete
- Veke 1: Skulen og barnehagen sender utkast/start framtidsbilete
- Veke 2: Vurderarar gjev tilbakemelding på utkast framtidsbilete
- Veke 3: Vurderarane møter skulen og barnehagen (nettmøte)
Arbeid med framtidsbilete
Rektor sender relevante dokument (utviklingsplanar, årsplanar, månads- vekesplanar ol.) til vurderarane
- Veke 4: Skulen og barnehagen godkjenner framtidsbilete
Vurderarane sender over innbyding til foreldremøte. Skulen sender ut innbydinga saman med framtidsbilete.
Skulen inviterer også tilsette, elevråd, foreldreutval/samarbeidsutval, PPT? og kommunalsjef til presentasjon av rapport siste vurderingsdag
- Veke 5: Vurderarane utarbeidar samtaleguidar med grunnlag i framtidsbilete
Rektor/styrar sender desse tekstane til vurderarane (skal limast inn i rapporten):
- Presentasjon av barnehagen
 - Bakgrunn for val av vurderingstema

Veke 6: Vurderingsveka:

- Tysdag: Møte alle tilsette før skulen, kl. 8. Barnehagen avtaler direkte.
Observasjon (vi ønsker timeplan)
Samtale med tilsette (eininga set saman og lagar plan ut frå hensiktsmessig gruppestørrelse (maks tre) og timeplan)
Samtale med elevar (eininga lagar plan, grupper på 3-4 elevar, frå alle trinn + elevråd)
Foreldremøte skule kl. 18? Foreldremøte barnehage kl. 1930?
(Eininga inviterer inn) NB! Avklare tidspunkt for barnehagen.

Grunnar korona vart dette fysisk møte med SAU + digital undersøking til foreldra.

Onsdag:	Observasjon Samtale med elevar og barn Samtale med tilsette Samtale med leiing på slutten av dagen
Torsdag:	08.00- 14.30 Skrivning av rapport 14.30 Førebels rapport levert til rektor for gjennomlesing 15.30 Gjennomgang av rapport med rektor 16.30? Presentasjon av rapport for alle tilsette, elevråd, FAU/SAU, elevråd kommunalsjef (og PPT?)

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbedring på den einkilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Digital spørjeundersøking til foreldra

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Spørsmål til barneperspektivet

Teikn: Barna og elevane er trygge i møte med kvarandre og dei tilsette

1. korleis har de det i barnehagen/skulen?
2. er det alltid noen de kan leike/vere med i barnehagen/skulen? (oppfølging viss nei: kva gjer de då?)
3. Kva gjer dei vaksne for at alle skal ha det kjekt?
4. Kva gjer de dersom de opplever noko som ikkje er kjekt?

Teikn: Barna og elevane møter tydelege vaksne med felles handheving av reglar og rutinar

5. viss de gjer noko som ikkje er lov, kva skjer då?
6. er alle vaksne einig om kva som ikkje er lov?
7. kan de fortelje oss om kva reglar de har i barnehagen/skulen? Kan eg finne dei ein plass?
8. **Skulen: Korleis lagar de klassereglar?**

Teikn: Barna og elevane møter eit breitt felt av opplevingar og aktivitetar som gir erfaring, utfordring og meistring

9. kan de fortelje om de har gjort noko som de synes er kjekt? Kvifor var det kjekt?
10. kan de fortelje om de har gjort noko som de synes er vanskelig? Kva gjer de då? Får de hjelp?
11. Kva gjer dei vaksne når de har vore flink?
12. **Skulen: Korleis får du hjelp til å lære nye ting?**

Teikn: Barna og elevane opplever samanheng mellom barnehage, skule og lokalsamfunn

Barnehagen:

13. har de vore på skulen og kva gjorde de der?
14. fortel om kva barnehagen gjer ilag med skulen?
15. når de går(kjører) utanfor barnehagen, kor går de då og kva gjer de der?

Skulen:

16. Korleis var det å gå i barnehagen?
17. Korleis var det å byrje på skulen?

Begge:

18. Korleis er det å bu ...? (ein del bygder som soknar til Flekke)
19. Korleis er det å gå i Flekke barnehage/skule?
20. Har du vore med på noko som skjer i Flekke?

Fra organisasjonsperspektivet (sjå også over på overgangar):

21. Fortel kva som skje når de går frå liten til stor avdeling?
22. Fortel kva som skjer når de begynner på skulen?
23. **Korleis vil det vere å byrje på ungdomsskulen?**

Spørsmål til tilsetteperspektivet

1. Korleis lærer **du** av dei andre? (fokus på individet)
 - Kva kan **du** lære av dei andre?
 - Kva typisk kunnskap har du delt?
 - Er det ok å dele eller be om hjelp, også for nytilsette?
 - Finnes det skjult kunnskap omkring i veggane som fleire burde vite?
 - Kor godt vil du seie at du kjenner dei andre tilsette?
 - Korleis ser du for deg at ein kan utvikle ny kunnskap saman?
2. Kva er dei typiske arbeidsoppgåvene dine? (utanom vanleg undervisning)?
 - Veit du kva du skal gjere kvar dag?
 - Er det nokon av oppgåvene dine du er usikker på?
 - Korleis vil du vektlegge kompetanse og erfaring?
 - har du behov for meir kompetanse?
 - Korleis får du høve til å utvikle din kompetanse?
3. Korleis deler **ein** kunnskap i Flekke? (fokus på organisasjonen)
 - Er der systematisk deling eller organisert (tenker vi her systematisk eller uorganisert)? Korleis eventuelt?

- Er det faste tema på fellesmøter der ein har erfaringsutveksling? (kanskje berre eg som ikkje har fått med meg - men veit vi at dei har felles møter??) - det vil jo kome fram her?
 - Er dørene til klasseromma opne for alle å kome inn naturleg for alle rom? - også mellom barnehage - skule?
 - kan me ha eit spørsmål om samhandling her, td. har skulen og barnehagen felles pedagogiske mål (utenom julefeiring o.l.)
 - Korleis har skulen og barnehagen samarbeida om felles pedagogiske mål?
 - Korleis ser du for deg at ein kan utvikle ny kunnskap saman?
4. Korleis er ein god rollemodell?
 - Kva ligg i å vere **ein inkluderande** rollemodell?
 - Kva er inkluderande fellesskap for deg/dokker?
 - Samtaler ein om dette i fellesskap?
 - Kva håper ein at elevane sit igjen med når dei samtaler om lærarane dei hadde 15 år fram i tid?
 5. Korleis vert det lagt til rette for at de skal verte kjent med kvarandre? /sosial utvikling?
 6. Korleis arbeider barnehagen og skulen for å skape gode overgangar?
 7. Kjenner de til korleis systemet for opplæring og oppfølging av nyttilsette er i Fjaler?

Spørsmål til foreldre/føresette/FAU

1. **I kva grad vil du seie at det er god informasjonsflyt ved overgangar?**
To what extent do you feel there is a good communication between nursery school and primary school during the transition from the one to the other?
Gradering i digitalt spørreskjema/drøft påstanden i møte med FAU
2. **Kva legg du i god informasjonsflyt?**
What do you understand by the term "good communication"?
3. **Korleis er det å ta opp vanskelege tema med skulen/barnehagen?**
Is it easy to raise difficult questions/topics with the school or nursery school?
4. **Korleis er overgangar tema på foreldremøte/utviklingssamtalar?**
To what extent do you think the transition Nursery school/primary school is a topic during parents/teachers meetings?
5. **I kva grad er du trygg på at barna og elevane får utfordringar og opplever meistring i Flekke barnehage og skule?**
To what extent do you feel children/pupils receive an adequate sense of achievement and challenges in Flekke nursery school and school?
6. **Kan du utdjupe svaret ditt?**
Can you please elaborate on your answer?
7. **I kva grad støttar du opp som foreldre/føresett om skulen og barnehagen sitt arbeid med sosial kompetanse?**
To what extent, as a parent, do you support the school/nursery school in their work with social competence?
8. **Gje døme på situasjonar**

Could you please give some examples of situations?
9. **I kva grad er det tydeleg for deg kva som er forventa av deg som foreldre/føresett?**
To what extent do you feel you know what is expected of you as a parent?
10. **Kan du utdjupe svaret ditt i spørsmål 8 (på forventningar)?**
Can you please elaborate on your answer?

11. I kva grad legg ein til rette for at du som foreldre kan delta i eit inkluderande fellesskap?

To what extent do you feel that you are included as a parent in the daily runnings of the school/nursery school?

12. Kan du utdjupe svaret ditt i spørsmål 10?

Can you please elaborate on your answer?

13. Kva legg du i eit inkluderande fellesskap?

What do you think being included in the daily running means?

Spørsmål til leiing/organisasjon

Teikn: Organisasjonen legg til rette for felles refleksjon, erfaringsutveksling, fagleg og sosial utvikling

1. Korleis legg leiinga opp til at skule og barnehage har **kjennskap til kvarandre** ?
2. Korleis legg leiinga opp til **felles møtearena** for barnehagen og skulen ?
3. Er det faste tema på fellesmøter der ein har **erfaringsutveksling** og **felles refleksjon**?
4. Er det systematisk eller tilfeldig deling av kunnskap? Korleis eventuelt?

Teikn: Barnehagen og skulen har ein felles progresjonsplan/plan for sosiale mål

5. Korleis har skulen og barnehagen samarbeida om felles pedagogiske mål ?
6. Kva felles planar har barnehagen og skulen når det gjeld sosiale mål ?
7. Har barnehagen og skulen eit felles motto/ein felles visjon ?

Teikn: Barnehagen og skulen arbeider aktivt for gode overgangar

8. Korleis arbeider leiinga for å skape gode overgangar ?
9. Kva planar har dere for overgangar innad i barnehagen/skulen og mellom barnehage og skule + frå barneskule til ungdomsskule?
10. Drøftar og samarbeider foreldre og personale om spørsmål knytt til overgangar ?
 - Evt korleis ?

Teikn: Barnehagen og skulen har ein plan for vidare utvikling innanfor inkluderande miljø

11. Korleis planlegg de å arbeide vidare for å skape eit inkluderande miljø?12
12. Korleis legg leiinga til rette for kompetanseheving innan utviklingsområdet?
13. Korleis støttar eigar opp under dette utviklingsarbeidet?
14. Korleis kan de som leiing vere ein god rollemodell når det gjelder inkluderande fellesskap på tvers av barnehage og skule?

Frå hovudtema:

15. Korleis ser leiinga for seg at ein kan utvikle ny kunnskap saman?
16. Korleis ser leiinga for seg at ein kan få ein meir **inkluderande læringskultur** (her tanke på sosial utvikling)?
17. Kva systemet har de for opplæring og oppfølging av nyttilsette i Fjaler? (ny som tilsett og ny som leiar)

Spørsmål til eigar

1. Korleis legg eigar til rette for, og støttar opp om utviklingsarbeidet både lokalt og mellom skular/barnehagar/kommunar/i regionen?
2. Beskriv eigar sin plan for å utvikle eit inkluderande barnehage- og skulemiljø
3. Korleis får dei tilsette målretta kompetanseheving både ut frå individuelle behov og i tråd med utviklingsplanen (både formell og uformell)
4. Korleis vert behov for kompetanseutvikling formidlar/oppfatta/vidareført?
5. Beskriv eigar sitt system for opplæring og oppfølging av nyttilsett

Observasjonsskjema

barna og elevane er trygge i møte med kvarandre	barna og elevane er trygge i møte med dei tilsette
barna og elevane møter tydelege vaksne med felles handheving av reglar og rutinar	barna og elevane møter eit breitt felt av opplevingar og aktivitetar som gir erfaring, utfordring og meistring
dei tilsette er gode rollemodellar for eit inkluderande miljø	organisasjonen legg til rette for felles refleksjon, erfaringsutveksling, fagleg og sosial utvikling
barnehagen og skulen har ein felles progresjonsplan /plan for sosiale mål	barnehagen og skulen jobber aktivt for gode overgangar
barnehagen og skulen har ein plan for vidare utvikling innanfor inkluderande miljø	